

**Sakshandsamar:**

Frode Hovland  
E-post: Frode.Hovland@sfj.no  
Tlf: 95 99 26 95

**Vår ref.**

Sak nr.: 11/353-4  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

6134/11

**Dykkar ref.****Dato**

LEIKANGER, 23.02.2011

Det Kongelige Fiskeri- og kystdepartementet  
Postboks 8118 Dep.

0032 OSLO

## Svar - Høyring - Forslag om auka individvekt for settefisk av laks, aure og regnbogaure (prøveordning) - utkast til forskrift om endring i "Forskrift om drift av akvakulturanlegg" (akvakulturdriftsforskriften)

Fylkeskommunen viser til høyringsbrev (datert 18.01.2011) frå Fiskeri- og kystdepartementet der dei ber om merknader til endringar i *Forskrift om drift av akvakulturanlegg*.

I høyringa vert fylkeskommunane spurde om kva reglar som kan vere ein flaskehals i utviklinga av ei miljømessig berekraftig akvakulturnæring.

Forslaget frå departementet går i korte trekk ut på at settefiskprodusentar, etter ordlyden i høyringsforslaget, kan bruke inntil 20% av produksjonskapasiteten sin til å produsere fisk opptil 1000 gram (grensa i dag er 250 gram). Det skal og kunne vere mogleg å nytte heile produksjonskapasiteten på settefiskanlegget til å produsere settefisk opp til 1000 g, men dette må då skje etter dispensasjon frå Fiskeridirektoratet.

Høyringsfrist er sett til 1. mars 2011. Dette brevet er eit administrativt svar og vil bli supplert med eventuelle kommentarar etter politisk utvalsmøte 17.03.2011.

Sidan fylkeskommunen i 2010 overtok ansvaret med klarering og tildeling av løyve og lokalitetar for akvakultur, har vi arbeidd med å utvikle arbeidsrutinar der vi legg vekt på ei heilskapleg forvaltning av akvakulturnæringa. Dette vil m.a. seie at miljøomsyn skal vege tungt.

Fleire tiltak skal vere med å bygge opp under denne tenkinga:

- Hovudutval for plan og næring har tidlegare gjort følgjande eit vedtak:  
”Sogn og Fjordane fylkeskommune ynskjer at Sogn og Fjordane, i saker knytt til handsaming av konsesjonar og lokalitetar for akvakultur, skal vere ein sjølvstendig forvaltningsregion”.
- Etablering av ein overordna politisk strategi for tildeling av akvakulturlokalitetar  
I denne vert prinsipp basert på miljøomsyn lagt til grunn for den overordna strategien.
- Fylkeskommunen har nyleg starta opp eit forprosjekt der ein skal utvikle ein plan for kunnskapsbasert lokalisering av produksjonsanlegg for akvakultur.




Den endra grensa for storleik av settefiskproduksjon på land, kan sikre ein betre produksjon i sjø med omsyn til miljø og sjukdomssmitte. Sjøfasen av akvakulturproduksjonen vert vesentleg kortare, noko som kan bety mindre smittepress i høve til sjukdommar og lakselus, samt ein noko redusert miljøbelastning på nærområdet.

Dei største utfordringane med forslaget er etter vårt syn reinsing av avløpsvatn som vil krevje eit omfattande apparat for handtering av utfiltrert nitrogenhaldig avfall frå produksjonen.

Fylkeskommunen vil, etter ordlyden i høyringsforslaget, kunne få fleire søknader til handsaming frå aktørar som ynskjer å etablere påvekstanlegg på land. For fylkeskommunane kan dette bety auka arbeidsmengde. Dette er vurderingar gjort ut ifrå at fleire selskap som ynskjer å produsere stor settefisk allereie har teke kontakt med fylkeskommunen.

Fylkesdirektør for næring har elles inga innvending mot at det vert innført ei prøveordning der det vert høve til å produsere settefisk på land opp til 1000 gr, mot 250 gr som er grensa i dag.

Med helsing



Frode Hovland  
seniorrådgjevar